

Læreplan i vg2 borsemakar

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 11. februar 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 frå Kunnskapsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2021

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Vg2 b rsemakar handlar om   reparere, halde ved like, modifisere og produsere v pen. Gjennom praktisk arbeid og bruk av materiale, verkt y, maskiner og handverksteknikkar utviklar elevane handlag og innsikt i skapande arbeidsprosessar og eigenarten til faget. Programfaga skal f rebu elevane til   utf re oppdrag for jegerar, skyttarar og andre sivile brukarar av skytev pen. Kompetanse i faget skal bidra til at l rlingen dekkjer behovet arbeidslivet har for b rsemakarar som tek vare p  tradisjonar og utviklar faget i samsvar med samfunnsutviklinga.

Alle fag skal bidra til   realisere verdigrunnet for oppl ringa. Vg2 b rsemakar skal utvide kjennskapen til og forst inga av den nasjonale kulturarven og den felles internasjonale kulturtradisjonen gjennom   utvikle og framstille tradisjonelle og nye b rsemakarprodukt. Kritisk tenking blir utvikla gjennom praktisk arbeid der elevane erfarer at kva dei vel av materiale, metodar og handlag, har betydning for kvalitet og milj . Skaparglede, engasjement og motivasjon blir fremja ved sj lvstendig arbeid og i samarbeid med andre, og n r elevane reflekterer over kva innovasjon inneber for yrkesut vinga i framtida, og kor sentral fagkompetansen deira er for omd mmet til bransjen.

Kjerneelement

Handverk og formgiving

Kjerneelementet handverk og formgiving handlar om   forme ulike materiale med ulike handverkt y til nyproduksjon, reparasjon, modifikasjon og vedlikehald av v pen og v pendelar. Vidare handlar det om prosessane fr  idear, skisser eller enkle arbeidsbeskrivingar til ferdig produkt.

Maskin og teknikk

Kjerneelementet maskin og teknikk handlar om   bruke manuelle og styrte verkt ymaskiner til   l yse skytev penrelaterte maskineringsoppg ver. Vidare handlar dette kjerneelementet om   forst  verkem ten og konstruksjonen til ulike v pentypar og dei ballistiske fasane i og utanfor v penet. Det handlar  g om   vurdere risiko og integrere arbeidet med helse, milj  og tryggleik i alle delane av fagut vinga, fr  planlegging til dokumentasjon av ferdig arbeid.

Lover og reglar

Kjerneelementet lover og reglar handlar om å tolke og følgje dei lovpålagde føresegnene i faget for både omsetning og bruk. Dette kjerneelementet handlar òg om å reflektere kritisk og sjå samanhengar mellom ulike samfunnsforhold og behova til kundane og å utøve yrket i samsvar med gjeldande etiske normer og regelverk. Det handlar vidare om å drøfte regelverk og avtalar som regulerer arbeidsforholdet, og å reflektere over eigen praksis.

Tverrfaglege tema

Folkehelse og livsmeistring

I vg2 børsemakar handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om å utvikle elevar med forståing for samanhengen mellom eit positivt sjølvbilete og trygg omgang med skytevåpen. Temaet skal bidra til forståing av betydninga av å kunne handtere medgang og motgang for å meistre eige liv, og sjå det i samanheng med framtidig yrkesutøving. Temaet handlar òg om å kunne gi uttrykk for eigne tankar, meiningar og idear knytte til forvaltning og bruk av våpen. Vidare handlar det om å sjå samanhengen mellom bruk og regulering av våpen og kva dette har å seie for samfunnstryggleiken.

Berekraftig utvikling

I vg2 børsemakar handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om å reflektere over betydninga av å halde ved like og ta vare på eksisterande skytevåpen, i eit økonomisk og miljømessig perspektiv. Gjennom arbeid med temaet skal elevane utvikle kompetanse til å ta miljøbevisste val med omsyn til materiale og handtering av avfall.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i vg2 børsemakar inneber å bruke og forstå fagspråk og å lytte til og gi respons i spontan og førebudd samtale. Det inneber òg å drøfte og reflektere over faglege emne og våpentekniske spørsmål og å kommunisere om våpen og våpenbruk med oppdragsgivarar, medelevar og andre samarbeidspartnarar.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i vg2 børsemakar inneber å bruke fagspråk og faglitteratur for å utforme tekstar tilpassa mottakar og formål. Det inneber vidare å utforske og reflektere over faglege emne og problemstillingar og å gjere seg forstått skriftleg i kommunikasjon med oppdragsgivarar, leverandørar, medelevar og

andre. Det inneber òg å kunne planleggje og dokumentere eige arbeid som eit ledd i kvalitetssikringa.

Å kunne lese

Å kunne lese i vg2 børsemaker inneber å finne, reflektere over og kritisk vurdere informasjon i faglitteratur. Det inneber òg å tolke både skriftleg og visuelt fagspråk og å bruke kjelder på ein kritisk måte som lar seg etterprøve. Vidare inneber det å forstå og bruke tilvisingar og spesifikasjonar frå fabrikantane. Det inneber dessutan å forstå og kunne bruke arbeidsteikningar med teikn og symbol.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i vg2 børsemaker inneber å hente ut og tolke informasjon i talmateriale og bruke informasjonen for å forstå og vise samanhengar og å samanlikne resultat. Det inneber òg å berekne lengder, mengder og vinklar og rekne ut kulebane, flygetid og energi i den praktiske utøvinga av faget.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i vg2 børsemaker inneber å bruke digitale ressursar i planlegging og presentasjon av eige arbeid. Vidare inneber det å søkje etter og hente inn informasjon knytt til produktutvikling og dokumentasjon av eige arbeid og eigen kompetanse. Det inneber òg å utvikle etisk medvit og vise digital dømmekraft ved å følgje reglar og normer.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering produktutvikling og kvalitetssikring

Kompetansemål etter produktutvikling og kvalitetssikring

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- utarbeide risikoanalyse i samband med eit konkret arbeidsoppdrag og planleggje tiltak for å redusere risikoen knytt til oppdraget
- drøfte kva krav og forventningar som blir stilte til eit likeverdig og inkluderande yrkesfelleskap, og beskrive kva plikter og rettar arbeidsgivaren og arbeidstakaren har i arbeidslivet
- planleggje og dokumentere prosessane i produksjonen av ein våpendel
- bruke arbeidsteikningar og annan visuell informasjon i utforming og tilpassing av produkt på verkstaden og i kommunikasjon med andre

- teikne, programmere og planleggje produksjon av enkle våpendelar i ei CNC-maskin
- planleggje, dokumentere og sende plomberingsmelding i samband med deaktivering av skytevåpen
- gjennomføre og dokumentere testing av våpen eller ammunisjon
- utforske og nytte ulike arbeidsteknikkar, verktøy og materiale
- vurdere og velje verktøy og materiale ut frå bruksområde, eigenskapane til materiala og miljøomsyn
- vurdere og kvalitetssikre utført arbeid, nytte og følgje gjeldande lov- og regelverk for børsemakarfaget og reflektere over formålet med lover og reglar for utøving av børsemakarfaget på individ- og samfunnsnivå
- gjere greie for dei mekaniske og ballistiske prosessane som skjer når eit skytevåpen blir avfyrt

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i programfaget produktutvikling og kvalitetssikring når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer begge programfaga. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i programfaget produktutvikling og kvalitetssikring. Elevane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i produktutvikling og kvalitetssikring ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistrar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i produktutvikling og kvalitetssikring basert på kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

Kompetansemål og vurdering produksjon

Kompetansemål etter produksjon

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere arbeidsoppgåver knytte til det å reparere, halde ved like, modifisere og produsere våpen i samsvar med kvalitetsprosedyrar
- utforske og bruke ulike verktøy og teknikkar i arbeidet med forskjellige materiale og former
- planleggje og utføre modifikasjon av våpenmekanisme etter ønska og behova til oppdragsgivaren
- beskrive og utføre enkle presisjonsfremjande tiltak på skytevåpen
- planleggje og utføre hard- og mjuklodding av våpendelar
- planleggje og utføre forskjellige overflatebehandingar i ulike materialtypar for å ta vare på eigenskapane og utsjånaden på best mogleg vis
- tilverke og montere våpendelar til mekanisme ved hjelp av verktøymaskiner og handverktøy
- tilarbeide og forme våpendelar i dreiebenk med profilstål, fil og smergellerret til ønskt form og finish
- utføre enkle våpenrelaterte oppdrag med utgangspunkt i ein sjølv laga arbeidsplan
- vurdere og nytte ulike sveisemetodar
- bruke varmebehandling av metall for å forbetre mekaniske eigenskapar
- nytte og halde ved like maskiner, verktøy og utstyr i samsvar med gjeldande regelverk for helse, miljø og tryggleik
- reflektere over og følgje regelverk for helse, miljø og tryggleik og drøfte faktorar som kan bidra til sikker og trygg omgang med skytevåpen på individ- og samfunnsnivå
- vurdere kost-nytte ved reparasjon av skytevåpen og reflektere over betydninga av reparasjon i et berekraftig perspektiv

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i programfaget produksjon når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer begge programfaga. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i programfaget produksjon. Elevane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistarar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

Standpunktavurdering

Standpunktavurderinga skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i programfaget produksjon ved avslutninga av opplæringa i programfaget.

Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistrar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i programfaget produksjon basert på kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

Vurderingsordning

Standpunktvurdering

Produktutvikling og kvalitetssikring: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

Produksjon: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

Eksamen for elevar

Produktutvikling og kvalitetssikring og produksjon: Eleven skal opp til ein tverrfagleg praktisk eksamen der dei felles programfaga inngår. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Eksamen skal ha førebuingsdel.

Eksamen for privatistar

Produktutvikling og kvalitetssikring: Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingsdel ved lokalt gitt eksamen.

Produksjon: Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingsdel ved lokalt gitt eksamen.

Produktutvikling og kvalitetssikring og produksjon: Privatisten skal opp til ein tverrfaglig eksamen praktisk eksamen i desse felles programfaga. Eksamen blir utarbeid og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingsdel ved lokalt gitt eksamen.